



Idyllisk i Fjellhaugen. Bilete er frå fjorårssesongen.

OPPDATERT: Nedbøren i det siste har sytt for at det er flotte forhold i lysløypa i Fjellhaugen Skisenter. Olav Gunnar Hjelmeland syt for at løypa er flott preparert og lyset står på til kl.21 om kveldane. Mellom dei som er ekstra glade for dette, er dei aktive langrennsløparane i skigruppa i Uskedalen.

Sist mandag la dei fellestreningane til skisenteret og det vert meldt om at det då var flotte forhold med om lag 50 cm snø og ekstra god stemning på treninga. Dei eldste køyrer no fleire treningar i veka på snø, og mellomgruppa, 6.-8. klasse, tek ei økt i Fjellhaugen på torsdag denne veka.

Dei flotte forholda innbyr også til familieaktivitet i anlegget. Fjellhaugen Skisenter minner om at det er store straumutgifter til lys i anlegget. Dei som brukar ljosløypa berre nokre få gonger, kan betala i boksen på utsida av varmestova. For dei som brukar løypa oftare, er det laga eit opplegg med årskort.

Dessverre vart dette ei kortvarig glede i denne omgang. No har det slått om til mildare ver. Det regnar i Fjellhaugen og onsdag ettermiddag er det overvatn i lysløypa.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Arkivfoto: Knut Johannes Ripel